



Denne containeren ved Gamleskulen må berre brukast av hytteeigarar. Fastbuande og andre må IKKJE bruka den!

Ut frå erfaringar om at det til tider har vore vanskeleg å få bosshandteringa i bygda til å fungera i den ljose årstida, er vi vorte oppfordra til å skriva om det. Systemet er på plass så det gjeld at vi brukar det slik som det er tenkt, og ikkje fell for freistinga å misbruka det. Ved rett bruk vert bygda vår så triveleg som mogeleg.

Kun for hytteavfall

Konteinaren skal **kun** nyttast av dei som betalar renovasjonsgebyr for fritidsbustad til kommunen. Avfall må ikkje setjast på utsida. Misbruk er straffbart.

- Avfall frå utleiehytter, rorbuer o.l. skal ikkje i konteinaren.
- Farleg avfall skal til miljøsentralen.
- Elektrisk- og elektronisk avfall (EE) og bildekk/-batteri skal også til miljøsentralen, eller til forretningar som sel slike varer.

Takk for at du respekterer ordninga.

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk (SIM)

 **For holiday home waste only**

The container is reserved for use by those who pay holiday home renovation fees to the municipality. Waste must not be placed outside the container. Abuse of the scheme can result in prosecution. Thank you for observing the rules.

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk (SIM)

 **Nur für Hüttenabfall**

Der Container ist Eigentümern von Feriethäusern und Hütten vorbehalten, die eine Müllentsorgungsgebühr an die Gemeinde entrichten. Bitte keinen Abfall neben dem Container abstellen. Ein Verstoß wird mit Bußgeld geahndet. Wir danken für Ihr Verständnis.

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk (SIM)

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk SIM | Sunnhordland Interkommunale Miljøverk SIM | Sunnhordland Interkommunale Miljøverk SIM

[Informasjonen på containeren fortel tydeleg om rett bruk!\(Klikk på bildet for å lesa\)](#)

Problemet har ofte vore knytta til containarane i sentrum, og at desse har vorte brukt av uvedkommande. Dette har til tider ført til oppsamling av boss. Vi har prøvt å skaffa oss oversikt over tilbodet, og korleis det skal fungera.

Vi kan med ein gang slå fast at bosscontaineren ved Gamleskulen er kun for dei som har hytteabonnement og betalar for tenesta gjennom det. Det gjeld også hyttefolk på Skorpo og andre stader i kommunen. Den skal ikkje brukast av fastbuande, forbipasserande eller andre som snik seg til å bruka den.

Alle bosscontainerane som står i området ved Sandakaien og båthamna til Uskedal båtlag, er private og skal derfor sjølvstøtt ikkje nyttast av andre enn eigarane. Uskedal båtlag samarbeider med Rabben Feriesenter om bosslevering, og båthamnngjester som betalar hamneleige har mulighet for levering av boss på innsamlingsplassen ved kiosken på Rabben feriesenter. Faste båtlagsmedlemmer skal handtera bosset sitt sjølv.

Alle bebuarane på Skorpo har felles bosslevering på Børnes kai.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland